

Invitasjon

til å delta i Drikkvasstudien



FOLKEHELSEINSTITUTTET inviterer personar frå heile Noreg til å delta i ei spørjeundersøking om samanhengen mellom drikkevatn og magesjuka. *Du er tilfeldig trekt ut og står på lista vår over moglege deltakarar til dette forskingsprosjektet.* Undersøkinga er viktig for å sikre godt og trygt drikkevatn i framtida.

Norsk Gallup vil hjelpe Folkehelseinstituttet med datainnsamlinga og vil kontakte deg på telefon om nokre dagar for å informere meir om prosjektet.


FØREMÅLET MED STUDIEN

I Noreg har vi svært godt og trygt drikkevatn. Likevel på grunn av svikt i vassbehandlingsanlegg, brot på gamle vassrør og klimaendringar er det kvart år nokre som vert sjuke av drikkevatnet. Symptoma er blant anna diaré, kvalme og oppkast. Det kan vere mange ulike årsaker til magesjuka, og dei færreste går til lege med plager som går over etter kort tid. Derfor veit vi ikkje kor mange som vert sjuke av akkurat drikkevatnet. Vi treng hjelp frå deg for å finna ut meir om dette.

KVA INNEBER DET Å DELTA?

- Du må svare på to spørjeskjema; eitt før studien startar og eitt når studien er ferdig. Kvant spørjeskjema tar cirka 10 minutt å fylle ut.
- Du må svare på eit kort spørjeskjema på SMS ein gong i månaden, i eitt år. Dette tar 1–3 minutt per gong.

Spørsmåla handlar om kor mykje vatn du har drukke det siste døgnet, og om du har hatt magesjuka den siste månaden. Dersom du har hatt magesjuka, vil du få spørsmål om kva for symptom du hadde og kor lenge dei varte. – Du kan på ein enkel måte fylle ut skjemaet via mobiltelefonen din.



**BLANT DELTAKARANE I
STUDIEN VIL VI TREKKE
10 VINNARAR SOM FÅR EIT
NETTBRETT AV VALFRITT
MERKE, MED VERDI OPPTIL
5 000 KRONER.**



DELTAKINGA ER FRIVILLIG OG DU KAN TREKKE SAMTYKKET DITT

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke deg frå studien utan å oppgi grunn. Du kan òg krevje å få sletta innsamla opplysningar om deg. Dersom du har spørsmål om studien, kan du kontakte oss på www.fhi.no/studier/drikkevannsstudien/kontakt

Dersom du har tekniske problem, kan du kontakte Norsk Gallup på 800 84 700 .

KVA SKJER MED INFORMASJONEN OM DEG?

Alle opplysningar vil verte aidentifiserte og deretter sletta seinast fem år etter prosjektslutt. Studien er godkjend av Regionale komitear for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk, REK (2016/1422).

**DU KAN LESE MEIR OM
DRIKKVASSTUDIEN PÅ
HEIMESIDA VÅR:
[www.fhi.no/studier/
drikkevannsstudien](http://www.fhi.no/studier/drikkevannsstudien)**

